

Året som har gått 2025

Bildearkivet frå Facebook vitnar om nok eit år med mykje og variert aktivitet i bygdene våre. Me i IL Fanaråk er takksame for at de kjem på arrangementa våre og at så mange bidreg med å skape aktivitet gjennom året.



Anders starta aktiviteten dette året med skiløyper i Turtagrø og i slutten av februar var det klart for skikarusell. Utover vinteren var det klatring, basistrening, fotball og volleyball på Fjordstova. Den 7.februar arrangerte me aktivetskveid saman med Fjordstova der Britt hadde barneyoga, det var aktivitet i basseng og gymsal. Kafeen var open med kveldsmat og det var teikning, perling og brettspel. Aktivetskveidane våre er ein kjekk samlingsplass både for aktivitet og prat.

Den 25.februar gjennomførte me årsmøte. Her vart det bestemt at idrettslaget skulle overføre aksjane sine i Sognefjellet sommerskiser til Sognefjellshytta ved Råmund Mundhjeld. Det er krevjande å drive med skisport om sommaren og små marginar for å tene nok pengar til å kunne drive selskapet. Me håpar og trur at Sognefjellshytta kan drive sommarskiseret vidare på ein god og lønsam måte. Me takkar Ove og Anders for jobben dei har gjort som dagleg leiar i kvar sin periode og løypekøyrarar opp gjennom åra. Me takkar og dei ulike aksjonærane for samarbeidet.

I starten av mars var det basar. Me er overvelda over alle gevinstane me fekk inn og kor mange som kjøper lodd og kjem på basaren. I år fekk me ein flott rekord, basaren gav eit overskot på 65740 kr. Det er ei kjærkommen inntekt for idrettslaget og ein veldig sosial ettermiddag i Grendahuset i Fortun.

Det var ei flott avslutning på skikarusellen i Turtagrø i starten av april. Me er godt nøgde med å ha Servicebygget i Turtagrø. Det gir oss ein plass å gå inn og toalettmoglegheiter. Fjellet og Turtagrø blir med bygget ein meir tilgjengeleg stad for aktivitet.



Påska i april bydde på aktivitetar til fjells og i låglandet. Skiløyper i Turtagrømrådet og påskelabyrint og finnaren er vinnaren der me legg overrasking i nokre av turorienteringspostane våre. Det er blitt ein kjekk tradisjon med oppgåver i nærmiljøet og fleire er med år etter år.

I mai var starten på fotballsesongen ute. Miniputt har vore i Luster og trena saman med dei. Samarbeidslaget Hafslø/Bjørn/Fanaråk har hatt fleire av 5.divisjonskampane sine på Skjolden. Det har vore spennande oppgjer og enda med sigrar. 9.mai gjekk me saman med IL Luster og arrangerte Fotballtrøyefredag på fotballbana, med fotballaktivitetar og fotballkamp. Me oppmoda born og vaksne om å gå i fotballtøyer og lånte ut drakter til dei som ville ha. Dei som ville det kunne betale inn pengar til Barnekreftforeningen sitt arrangement #fotballtrøyefredag.

1.mai var og opninga for årets Stolpejakt sesong. I kommunen har det vore rekordmange stolpejegrar og besøk på stolpar. I år laga me til ein runde på Sørheim og ein på Skjolden. Me prøver å variere kvar me har stolpane, men at dei skal kunna nåast med barnevogn og sykkel. I år er me og byrja digitalisere turorienteringspostane våre og deltek i prosjektet Stikk ut med Sogn Friluftsråd. På sikt ynskjer me at alle postane våre er registrerte i Stikk ut med både turbeskriving og bilder.



Slutten av mai er Kulturdagane og tradisjonen tru hadde me Mesternes Mester i Moane på fredagsettermiddagen for dei minste. Dei eldste barna fekk vere med på skattejakt. Kjekk at så mange kjem og er med på leik og moro i Moane, me delte ut 41 Mesternes Mester medaljar.

I september hadde me Løp for meg med løype til Hestahagen og kafé i Grendahuset. Me samla inn rundt 10 000 kr og hadde ei utruleg kjekk stund i Fortun. I oktober markerte me Verdsdagen for psykisk helse med aktivitetsskveld på Fjordstova. Hausten betyr og barneidrett og me har hatt kjekke aktivitetar både innendørs og utandørs. Barneidrettssesongen vert avslutta i Krukla med mat og aktivitet.



Aktivetsåret til idrettslaget avsluttast med Nissemarsj og gløggkveld på Fjordstova 12. desember. Me håpar å sjå dykk der og takkar for eit flott 2025 med mykje aktivitet og moro.

Også i år har me lyst å trekke fram to som bidreg ekstra for idrettslaget. Turorienteringsgruppa gjer ein flott jobb med å merke og halde ved like stiane til 29 ulike turmål. Det er den aktiviteten som flest deltek på i idrettslaget, og heile turorienteringsgruppa legg ned ein solid jobb. Stine Mari er leiar i turorienteringsgruppa. Siste åra ha ho i tillegg til å organisere turorienteringa arrangert fleire fellesturar til ulike postar. Stine Mari seier aldri nei til dugnad eller å vere med å arrangere noko i idrettslaget. Den andre me vil trekke fram er Anja. Ho er og i turorienteringsgruppa og organiserer teljing av bøkene og skifte av bøkene. Om me treng ei kake til basaren eller ein fotballkamp er Anja alltid klar til å stille opp. Me set stor pris på dykk begge og jobben de og turorienteringsgruppa gjer for idrettslaget.



Me avsluttar med å takke for alle fine stunder i 2025. Tusen takk til alle som møter opp på aktivitetane våre og alle som er med å skape aktivitet. Me vil og takke sponsorane våre som bidreg til at me kan halde aktivitetsnivået oppe.

Julehelsing frå Elin, Vegard, Monica, Marthe og Mona

